



**LINDÅS KOMMUNE**  
**Myking skule**

**Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skudemiljøutvalet for Myking skule.**

	<b>Medlem Samarbeidsutvalet.</b>	<b>Vara medlem (møter berre etter nærmere avtale).</b>
x	Miriam Vabø	Ida Nordahl
	Torbjørn Refsdal	Ørjan Tvedt
x	Vetlemøy Wergeland	Irene Hodneland
x	Annikken Aadneram	Janne Kari Eknes
x	Margunn D. Skauge	Bjørg Myrmel
	Herborg Osmundsen	Torill Myhre
x	Nils Kvalvågnes	Kristine Lunde
	<b>Elevrådet:</b>	
x	Wiktoria Kulik	Sara K. Nordahl
	Mathilde Høgheim	Liviu Popovici
	<b>Medlem Skudemiljøutvalet</b>	
x	Edmund Nyheim	Eirene Kleiveland
x	Chris Carlos Kleiveland	Joachim Erstad

**X= møtte**

**Referat fra felles møte for Samarbeidsutvalet og Skudemiljøutvalet ved Myking skule.**

Torsdag 29. september 2016 kl. 18.00 - kl. rom 1

**Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skudemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.**



## SAKER

### **1. Konstituering av Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet. :**

- a. Val av leiar og nestleiar: Miriam Vabø vart valt til leiar og Torbjørn Revsdal til nestleiar.
- b. val av revisor for skulen sine råd/utval som disponerer midlar: Steinar Danielsen vart vald til revisor for Foreldrerådet sine konti ( inkl midlar som klassane disponerer).

### **2. Meldingar/referatsaker.**

#### *Referat frå elevrådsmote.*

Elevrådsrepresentantane Wiktoria Kulik og Chris Carlos Kleiveland orienterte om saker elevrådet har hatt oppe i haust. Elevrådet har hatt eit møte så langt i skuleåret. Saker dei har hatt oppe er: val av leiar /(Wiktoria), nestleiar (Mathilde) og skrivar (Chris Carlos). Skulen sin aktivitetsplan for haustsemesteret og ønskje om edderkoppdisse. Her har elevrådet forslag til ulike alternative plasseringar.

#### *Referat frå foreldreråds- og FAU-mote.*

Leiar i Foreldrerådet, Miriam Vabø , orienterte om samansetjinga av FAU dette skuleåret.

#### 1. Saker dei har hatt oppe i haust:

- 5. oktober spanderer FAU kinobiletten for elevar og føresette til filmframsyning på Nyheim kino.
- I februar vert det karneval – som vanleg.
- FAU vil sponsa ein aktivitetsdag dette året også, (t.d. skøytedag i Bergenshallen, Vil Vitesenteret, og liknande.
- For å få inntekter til FAU sitt arbeid så vert det sal av kort gjennom «Dugnadspakken». Berekna inntekt ca 14 000. Foreløpig ser dette ut til å bli lavare enn forventa, med eit overskot rundt 12 000
- Elles oppfordrar FAU foreldra om å stilla på foreldrerådsmøta,
- dei arbeider for ein temakveld for foreldre og tilsette ved skulen i lag med Skodvin skule i løpet av våren 2017
- og det vert fotografering av elevane i 1, - 4. og 7. klasse + søskenfotografering.

FAU har fått ein del klagar på gjennomføringa av skuleskyssen og at det er dårlig system for tilbakemelding til heimane når bussen er forseinka/ikkje går.



## LINDÅS KOMMUNE Myking skule

FAU bed om at rutinane for melding om hendingar med skuleskyssen vert forbetra og at heimane får melding via mobil når skuleskyssen er forseinka eller ikkje går.

Det er og misnøye med skuleskyssen siste skuledag før Jul og sommarferien. Her legg Kommunestyret, som vedtek skuleruta med forskrift opp til at skulane sluttar to timer før vanleg tid, medan skulebussen går som vanleg. Dette fører til at elevane må venta på skulebussen i to timer eller at skulane må betala for ekstraskyss. SU/SKMU ved Myking skule bed om at Kommunestyret syter for å samordna skuleslutt og skuleskyss også dette to skuledagane.

***Rektor orienterte om:***

Ny heimeside og viktige dokument på skulen si heimeside:

Hovudtimeplan og aktivitetskalendaren fram til Jul.

Skulen sine råd og samarbeidsorgan. Gjennomgang av kap. 11 i opplæringslova.

SU sine oppgåver og SKMU sine oppgåver.

brukarundersøkingar haustsemesteret. Elev- lærar- og foreldreundersøkinga.  
SU/SKMU vedtok å gjennomføra alle brukarundersøkingane dette semesteret

Myking skule 03.10.16

Nils Kvalvågnes  
Ref.

Kopi: Einingsleiar

